



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46  
Rune Mikkelsen, 55 57 21 81

Vår dato  
28.01.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/6809 433.2  
Dykkar referanse

Tomas Lerøy  
Hoplandssjøen 47  
5943 Austrheim

### Avslag på søknad om utsetting av sitkagran til skogbruksformål

---

**Tomas Lerøy har søkt om løyve til utsetting av sitkagran til skogbruksformål på gnr. 156 bnr. 3 i Austrheim kommune. Landskapet rundt utsettingsområdet er flatt, relativt ope og det er allereie mykje sjølvfrøing av sitkagran i området rundt. Den samla belastninga på landskapet er stor.**

Treslaget er svartelista med svært høg risiko og topografien er slik at det vil vere vanskeleg å avgrense spreieing. Sitkagran kan mellom anna spreie seg lett til kulturpåverka og tørre areal, som gamal beitemark. Kommunen har løyvd midlar til rydding av sitkagran på beitemark i nærleiken. Området utpeiker seg heller ikkje som ein meir eigna plass til produksjon av sitkagran samanlikna med norsk gran.

**På bakgrunn av dette avslår vi søknaden om utsetting av sitkagran til skogbruksføremål.**

---

Vi syner til søknaden som er journalført hjå oss 16. mai 2013, om utsetting av sitkagran til skogproduksjon på gnr. 156. bnr. 3 i Austrheim kommune. Søknaden er vurdert i samarbeid mellom Fylkesmannen si miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga.

Saka er handsama etter forskrift av 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål, med heimel i naturmangfaldlova. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II ligg til grunn for sakshandsaminga. Direktoratet for naturforvaltning, no Miljødirektoratet sin rettleiar til forskrifta<sup>1</sup> inngår òg i vurderingsgrunnlaget.

Representantar frå Fylkesmannen i Hordaland si landsbruksavdeling og miljøvern- og klimaavdeling var på synfaring i området 6. juni 2013.

#### Treslag og mengd

Det er søkt om å sette ut 14500 sitkagran (*Picea sitchensis*) på eit 59 dekar stort areal, om lag 246 tre per dekar. Søkjar ønskjer å plante på eigedommen for å utnytte produksjonsevna på garden. Han skriv òg at han kan plante lerk langs kantane for å motverke spreieing.

---

<sup>1</sup> Tilgjengelig på <http://www.miljodirektoratet.no>

Sitkagran er eit kysttreslag som veks naturleg i eit belte langs Stillehavskysten i Nord-Amerika. Frøsettinga kan starte så tidleg som ved 15-20 års alder for enkeltstilte tre med gode vekstvilkår. I Sør-Noreg kan sitkagran ha gode frøår kvart 3-4 år. Frø som fell på bakken eller spreiar seg med vind er spiredyktige fyrste vekstseson. Frøa er «ferskvare» og ikkje spiredyktige over mange år, då må nye frø spreie seg i terrenget.

Sitkagran er i svartelista plassert i kategorien svært høg risiko (SE)<sup>2</sup> mykje på grunn av spreieing til kystlynghei, som er ein trua naturtype. Her kan sitkagran bli det dominerande treslaget i attgroinga i staden for dei heimlege treslaga furu, bjørk, selje og rogn. Dei økologiske effektane av sitkagran er knytt til attgroing av bestemte areal som elles ville blitt kolonisert av furu og lauvtre<sup>3</sup>. Spreieing til kulturpåverka og tørre areal, som til dømes gamal beitemark, kan vere stor. Kriteriedokumentasjonen for sitkagran viser til at det er usemje om faren for spreieing til fattig kystlynghei.

### Utsettingsområdet

Utsettingsområdet er austre del av den austlegaste teigen tilhøyrande gnr. 156 bnr. 3 i Austrheim kommune. Området ligg mellom Snapphaugane, Svehaugen og dyrka mark tilhøyrande gnr. 156 bnr. 47. Området kan best skildrast som småkupert, brakklagt naturbeitemark. På kollar og knausar er jorda grunnlendt, og gjennom området går det ei fuktig myr. Området ligg i eit relativt ope åslandskap med ei blanding av innmark, utmark og plantefelt, og med spreidd busetnad. Langs austgrensa av eigedommen er det planta ei blanding av sitkagran og lerk, og i sjølve utsettingsområdet er det oppslag av sjølvfrøa sitkagran saman med stadeigne artar.

Det er fleire område med spesielle miljøverdiar innanfor 2 km frå utsettingsområdet. Med spesielle miljøverdiar meiner vi i hovudsak verneområde, utvalde naturtypar, verdisette naturtypar frå kartlegging i kommunen, prioriterte artar og raudlista artar.

**Tabell 1: Spesielle miljøverdiar nærare enn 2 km (Kjelde: Naturbase, januar 2014)**

Områdenamn	Type	Verdivurdering	Storleik	Registreringsdato
Notholmen	naturreservat	-	7 daa (landareal)	3.4.1987 (vernedato)
Solend vest	slåttemark	svært viktig - A	1,6 daa	29.9.2004
Førlandsvatnet	rik kulturlandskapssjø	lokalt viktig - C	18 daa	8.10.2002
Lindåsvatnet	rik kulturlandskapssjø	viktig - B	25 daa	8.10.2002
Åråsvatnet	rik kulturlandskapssjø	lokalt viktig - C	27 daa	17.6.2002
Solevatnet	rik kulturlandskapssjø	svært viktig - A	51 daa	17.6.2002
Vaulen	brakkvannspoll	viktig - B	10 daa	10.8.2002
Åsetjørna	rik kulturlandskapssjø	lokalt viktig - B	28 daa	18.6.2002
Årås	brannfelt	lokalt viktig - C	18 daa	8.10.2002
Lien sørvest	hagemark	lokalt viktig - C	5,8 daa	28.9.2004
Hopland	hagemark	lokalt viktig - C	3,8 daa	29.9.2004

<sup>2</sup> Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*. Artsdatabanken, Trondheim.

<sup>3</sup> Kriteriedokumentasjon for oppføring i svartelista <http://www.artsdatabanken.no> (11.06.2013)

I sjølve utsettingsområdet er det ikkje registrert viktige eller utvalde naturtypar eller verneområde<sup>4</sup>, men det er ein observasjon av næringsøkande sædgås registrert i 2009<sup>5</sup>. Sædgås er oppført som sårbar (VU) i den norske raudlista for trua artar<sup>6</sup>. Dette er ein tilfeldig enkeltobservasjon av ein mobil art, og vil ikkje bli tillagt vekt i sakshandsaminga.

### Høyring

Den 29. juli 2013 sende vi saka på høyring til Austrheim kommune, Hordaland fylkeskommune, Vestskog, Nortømmer og SABIMA. Vi ønskte at relevant informasjon om plassen og tilhøva i Austrheim kommune skulle kome fram før vi fatta vedtaket. Vi fekk berre inn ein uttale til høyringa, og denne var frå Naturvernforbundet i Nordhordland. Dei skriv følgjande:

- Kampen mot sitkagran har høg prioritet, jf. Naturvernforbundet sitt årsmøtevedtak og samarbeid med Austrheim kommune.
- Naturvernforbundet sitt prinsipielle syn er at det ikkje bør plantast ut meir sitka i Nordhordland og i sær ikkje i den sårbare randsona i ytre strøk.
- Sitkagran veks hurtig, spreiar seg fort heilt ut på skrinne mark i strandsona, skapar monokultur og øydelegg for naturoppleving og friluftsliv.
- Naturvernforbundet har dei siste to åra samarbeidd med Austrheim kommune om kampanjen «Rydd ein holme». Dei har mottatt stønad frå kommunen og Naturvernforbundet i Hordaland til innkjøp av utstyr og bygdefolk har deltatt på dugnad. Målet er å utvide samarbeidet til eit langsiktig prosjekt der for å fjerne mest mogleg sitkagran og tilbakeføre kystlynghei. Dei skriv at signala frå kommunen er positive.
- Naturvernforbundet rår frå tilplanting av det aktuelle området fordi det er lite tilgrodd og har potensiale som beiteland.
- Tilplantinga vil på sikt endre den opne landskapskarakteren til eit attgrodd landskap med låg opplevingsverdi.

I januar 2014 oppmoda Fylkesmannen i Hordaland landbrukskontoret i Austrheim, Fedje og Radøy om å komme med ein uttale om kommunen sitt syn på saka. Dei skriv i brevet datert 22. januar 2014 at dei har løyvd midlar til rydding av sitkagran frå eit beiteområde på gnr. 156 bnr. 11 og 13. Desse eigedomane ligg like nord for det aktuelle utsettingsområdet. Landbrukskontoret skriv vidare at sitkagran spreier seg meir enn norsk gran og at det vil vere betre med norsk gran i eit område der spreing av sitkagran allereie er eit problem.

### Kunnskapsgrunnlaget

Etter § 7 i naturmangfaldlova skal prinsippa i §§ 8-12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Vurderingane som blir gjort skal kome fram av saksutgreiinga. Vi baserer sakshandsaminga på kunnskap om utsettingsområdet og kringliggjande landskap frå Naturbase og Artskart, inntrykk frå synfaringa, høyringsuttalen frå Naturvernforbundet og brev frå landbrukskontoret i kommunen. I tillegg nyttar vi den norske svartelista og kriteriedokumentasjon for sitkagran frå Artsdatabanken, Direktoratet for naturforvaltning sin rettleiar om forskrifta, og DN-utredning 8-2012<sup>7</sup> om kunnskapsstatus for spreing og effektar

<sup>4</sup> Naturbase: <http://innsyn.naturbase.no> (12.6.2013)

<sup>5</sup> Artsdatabanken: <http://www.artsdatabanken.no> (12.6.2013)

<sup>6</sup> Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

<sup>7</sup> Sandvik, H. 2012. Kunnskapsstatus for spredning og effektar av fremmede bartrær på biologisk mangfold. Direktoratet for naturforvaltning, DN-utredning 8-2012.

av framande bartre på biologisk mangfald. Til saman utgjer dette kunnskapsgrunnlaget i saka, jf. naturmangfaldlova § 8.

### **Forskrifta skal hindre uheldige følgjer for naturmangfaldet**

Føremålet med forskrifta er å hindre at utsetting av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet. I dette ligg trugsmål direkte knytt til arealbruk i utsettingsområdet, men òg risiko for spreiring til kringliggjande område.

Naturmangfald er i § 3 bokstav c definert slik: biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald, som ikkje i det alt vesentlige er et resultat av menneskelig påverknad.

### **Sitkagran for skogproduksjon**

I Hordaland er sitkagran i hovudsak nytta langs kysten etter plantingar i perioden 1960-1985. Bestanda med sitkagran er difor ennå relativt unge og burde vekse til om lag 60-70 års alder før hogst. Sitkagran sin volumproduksjon er om lag 30 prosent høgare enn for vanleg gran. For skogproduksjon målt i kubikk og CO<sub>2</sub>-binding er sitkagran difor overlegen andre treslag her langs kysten. Trevyrke av sitkagran er godkjend etter Norsk Standard og kan nyttast som material for byggjebransjen, papir eller energivyrke. Arealet i Austrheim ligg nær ein landbruksveg og offentleg veg og terrenget er nokolunde flatt. Hausting av skogen vil driftsteknisk vere enkelt og kunne gjerast til ein låg kostnad.

Dei største vekstmessige fordelane framfor andre treslag har sitkagran vist på veksestadar utsett for sterk vind og saltråk. I indre fjordstrok er vanleg gran eit betre alternativ. Treslaget får best utvikling på næringsrik, frisk og fuktig jord. Området som vert søkt tilplanta har generelt høg bonitet<sup>8</sup>, med blanding av fuktige myrstrok og til meir grunnlendte kollar og knausar. Sitkagran vil kunne utvikle seg godt i området, men grunnlendt mark er ikkje optimalt for treslaget – ei heller for vanleg gran. Ein kan i dag sjå noko naturleg forynging av furu på desse grunnlendte partia.

I 1993 vedtok fylkesskogsjefen i Hordaland at kommunane for ettertida skulle vere varsame med bruk av utanlandske treslag for skogproduksjon. For sitkagran betydde dette aksept for bruk i ytre strok av Hordaland med sterkt vind, saltråk frå havet og på næringsrik og fuktig jord.

### **Spreiing av sitkagran**

Sitkagran er gitt risikovurderinga *svært høg risiko* i svartelista, og i rettleiaren til forskrifta står følgjande:

*Når en art i Norsk svarteliste 2012 er oppført med svært høy risiko (SE), vil det normalt ikke være hjemmel til å tillate utsetting. [...] Generelt kan forvaltningsmyndigheten bare gi tillatelse til utsetting dersom det i det aktuelle tilfellet foreligger minimal risiko for spredning. Kunnskap om naturmangfold i det aktuelle utsettingsområdet og i tilgrensende arealer, vil være en viktig del av vurderingsgrunnlaget. Det bør legges opp til en restriktiv praksis med utsettinger i områder som medfører stor fare for spredning, som for eksempel på koller, åsrygger og nær vann (frøspredning kan skje over islagte vann). Omfang av utsettingen,*

---

<sup>8</sup> Gardskart på internett: <http://gardskart.skogoglandskap.no/> (23.01.2014)

*plassering og utforming av lokaliteten for å minimere faren for spredning er også sentrale momenter ved vurdering av en søknad.*

Det er grunn til å diskutere fleire poeng som vert trekt fram i dette avsnittet frå rettleiaren. På grunn av at sitkagran er plassert i den høgaste risikokategorien skal det vere høg terskel for å tillate ei utsetting, men dette må bli sett i samanheng med situasjonen i det aktuelle utsettingsområdet. Rettleiaren rår frå utsetting på kollar, åsryggar og nær vatn. I tillegg seier kriteriedokumentasjonen for sitkagran frå svartelista at det er størst risiko knytt til kystlynghei og kulturprega, tørre areal. Utsettingsområdet ligg i eit relativt ope landskap med ei blanding av beitemark, innmark, små vatn og ulike granplantefelt. Dei landskapsmessige tilhøva i området tilseier at denne plassen ikkje er godt eigna for tilplanting med sitkagran når målet er å redusere faren for spreiding til eit minimum.

I vurderinga om område med spesielle naturverdiar kan bli påverka av spreiding frå plantefeltet bør ein ta utgangspunkt i langdistansespreiing<sup>9</sup>. For sitkagran er potensiell langdistansespreiing frå litteraturen anslått til om lag 1700 meter ved vindhastigheit på 10 m/s og om lag 3400 meter ved vindhastigheit på 20 m/s<sup>10</sup>. I DN-utredning 8-2012 er det anbefalt at minsteavstanden til sårbar område er 5 km i hovudvindretninga og 2 km i andre retningar, litt avhengig av treslag. I Tabell 1 står områder med spesielle naturverdiar innanfor 2 km frå utsettingsområdet oppført.

Notholmen naturreservat er attgrodd og har ingen viktig funksjon for sjøfugl i dag. To registrerte naturtypar har verdi A – svært viktig og tre har verdien B – viktig. Berre Solend vest, ei slåttemark på 1,8 dekar som i realiteten er hagen rundt ei hytte, er av naturtypene som er særlig sårbar for oppslag av sitkagran. Det er liten grunn til å anta at dette området blir trua av spreiding frå det planlagde plantefeltet.

På flyfoto kan ein sjå plantefelt spreidd over heile Austrheim kommune. Det er opplagt at spreiding av sitkagran allereie føregår frå eksisterande plantefelt til ope landskap i kommunen. Dette gjeld òg i det aktuelle utsettingsområdet der vi observerte nokre unge eksemplar av både sitkagran og lerk på synfaringa den 6. juni 2013. Det er ikkje tilrådeleg å tillate utsetting av endå meir sitkagran ut frå prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning (naturmangfaldlova § 10). Det oppstår likevel eit dilemma når det allereie står store mengder utanlandske treslag som spreier seg i landskapet rundt utsettingsområdet. Dersom arealet ikkje er i bruk som beiteland vil det over tid gro igjen, truleg i stor grad med utanlandske treslag.

Etter føre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova skal det takast sikte på å unngå moglege vesentleg skade på naturmangfaldet når det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknadane eit tiltak kan ha på naturmangfaldet. I sjølve plantefeltet vil naturen bli vesentleg endra, men her er det ikkje registrert spesielle naturverdiar som krev særskilt omsyn i sakshandsaminga. Kortdistansespreiing rundt feltet vil heller ikkje komme i konflikt med spesielle miljøverdiar og vil dessutan vere mogleg å handtere gjennom vilkåra til løyvet. Utfordringa ligg i korleis ein handterer langdistansespreiing sidan alle frømogne plantefelt vil innebere ein generell spreidingsfare til landskapet rundt. Vår vurdering i denne saka er at dei spesielle miljøverdiane som finst i nærleiken til området ikkje blir direkte trua av spreiding frå feltet. Spreiing frå plantefeltet vil derimot kunne ha ein generell påverknad på landskapet.

<sup>9</sup> DN-utredning 8-2012: Kapittel 5 anbefalinger, s. 34.

<sup>10</sup> DN-utredning 8-2012: Tabell 8. Grove estimater for spredningsdistanse ved to ulike vindhastigheter basert på litteraturverdiar og ekstrapoleringar.

### **Norsk gran eit godt alternativ**

Utanom forslag om å plante lerk langs kantane for å hindre spreieing er det ikkje i søknaden skildra planar for å hindre spreieing. Dette er eit krav til innhaldet i søknaden etter § 6 bokstav g og bokstav h jf. § 10. Planting av eitt utanlandsk treslag for å hindre spreieing av eit anna er ikkje ei god løysing. I tillegg er planting av stadeigne treslag rundt bestand av utanlandske treslag truleg fånyttas for å hindre langdistansespreieing, sidan spreieing ikkje berre skjer frå skogkanten<sup>11</sup>.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadane ved skadar på miljøet berast av tiltakshavar. I kombinasjon med krav til tiltak mot spreieing og plan for internkontroll i forskrifta legg dette eit ansvar på tiltakshavar for å hindre uønskt spreieing frå feltet. Sjølv om det er mogleg å sette vilkår om rydding i ei sone rundt plantefeltet er det vanskeleg å finne gode løysingar for handtering av langdistansespreieing. Sidan det allereie står mykje sitkagran i nærområdet til feltet er det ikkje mogleg å skilje mellom ulike spreieingskjelder. Landbrukskontoret i Austrheim, Fedje og Radøy skriv i brevet datert 22. januar 2014 at dei har løyvd midlar til rydding av sitkagran på beitemark i nærleiken og stiller seg skeptiske til meir utsetting av sitkagran i eit område der spreieing allereie er eit problem. Dei føreslår norsk gran som eit alternativ sidan spreieingsevna til norsk gran er kjent som noko mindre enn for sitkagran.

Etter § 12 i naturmangfaldlova skal det takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering som gir dei beste samfunnsmessige resultat. I denne vurderinga skal tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve inngå. Som nemnt tidlegare er det grunn til å stille spørsmål om dette arealet er det mest eigna til produksjon av sitkagran. Marka er stadvis tørr og grunnlendt og sitkagran trivst best i fuktig og næringsrik jord. Når arealet ikkje er openbart meir eigna for produksjon av sitkagran samanlikna med norsk gran er vår vurdering at dette teller mot planting av sitkagran. Sjølv om sitkagran har betre tilvekst enn norsk gran i ytre kyststrøk vurderer vi at ulempene ved uønskt spreieing av sitkagran i denne saka må vege tyngst.

### **Drenering av myr til skogproduksjon er forbode**

Etter forskrift om berekraftig skogbruk § 5 niande ledd er etablering av nye grøfter i myr med sikte på skogproduksjon forbode. Gjennom utsettingsområdet går det ei myr som vil krevje drenering om dette området skal nyttast til skogproduksjon. Kommunen har forvaltingsmynde etter forskrifta.

### **Konklusjon**

Det er fleire moment som talar mot utsetting av sitkagran i det aktuelle utsettingsområdet. Sitkagran er svartelista med svært høg risiko og topografien er slik at plantefeltet vil medføre generell spreieingsfare til det kringliggjande landskapet. Ein kan handtere kortdistansespreieing gjennom å sette vilkår om rydding, men spreieing utover nokre hundre meter vil vere svært vanskeleg å handtere.

Den samla belastninga frå sitkagran i dette området og generelt i Austrheim kommune er stor. Som Naturvernforbundet i Nordhordland påpeiker vil spreieing frå dette plantefeltet utvilsamt bidra til å påverke beitemark og landskapsmessige kvalitetar i området. I det aktuelle området vil norsk gran vere eit godt alternativ til sitkagran og etter prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar vil dette vere å føretrekke.

---

<sup>11</sup> DN-utredning 8-2012, tabell 10, s 27.

Vi vurderer at produksjon av sitkagran på det aktuelle området vil kunne medføre uheldige følger for naturmangfaldet og avslår difor søknaden.

### **Vedtak**

Tomas Lerøy får avslag på sin søknad om utsetting av sitkagran til skogbruksføremål på gnr. 156 bnr. 3 i Austrheim kommune.

Vedtaket er heimla i Forskrift om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksføremål og naturmangfaldlova kapittel II og IV.

### **Klagerett**

Du kan klage på vedtaket innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland, jf. forvaltningslova § 32.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.  
assisterande miljøvernssjef

Jørgen Aarø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### **Kopi til**

Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim
Miljødirektoratet	Postboks	5672 Sluppen	Trondheim
Naturvernforbundet i Nordhordland	Hoplandssjøen 74	5943	Austrheim
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Vestskog	Røystrandvegen 4	5736	Granvin
Nortømmer	PB 123 Lilleaker	0216	Oslo
SABIMA	<a href="mailto:sabima@sabima.no">sabima@sabima.no</a>		
WWF	<a href="mailto:wwf@wwf.no">wwf@wwf.no</a>		